



Handsaming av søknad om tilskot frå det kommunale viltfondet til deltaking på Hjorteviltseminaret 2026

Saksbehandlar:
Linda Hovde Nordås

Arkivsaksnr.:
24/16

JournalpostID:
26/72943

Saksnr:	Utval:	Dato:
	Plan-, bygg- og miljøutvalet	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Alternativ A – delvis innvilging

1. Plan-, bygg- og miljøutvalet løyver kr 6 400 frå det kommunale viltfondet til Os Vest Hjortevald for deltaking på Hjorteviltseminaret 2026. Vedtaket har heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5.
2. Løyvinga er knytt til arbeid med utarbeiding av ny bestandsplan for Os Vest Hjortevald.
3. Tilskotet omfattar deltakaravgift for to deltakarar. Reise- og opphaldsutgifter vert ikkje dekte.

Alternativ B – avslag

Søknaden frå Os Vest Hjortevald om tilskot frå kommunalt viltfond til deltaking på Hjorteviltseminaret 2026 vert avslått.

Bjørnafjorden, den 16.07.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Søknad om tilskot frå viltfondet - Kurs og arrangement

Vedlegg 2 - Vedlegg til søknad om tilskot frå viltfondet - Budsjet

Samandrag:

Saka gjeld søknad frå Os Vest Hortevald om tilskot frå kommunalt viltfond til deltaking på Hjorteviltseminaret 2026 ved NOVA Spektrum i Lillestrøm.

Det er søkt om til saman kr 19 700 til deltakaravgift, reise og opphald for to deltakarar. Matutgifter er ikkje inkluderte i søknadsbeløpet.

Deltakinga er knytt til arbeidet med utarbeiding av ny bestandsplan for valdet. Os Vest Hortevald har tidlegare fått innvilga tilskot frå kommunalt viltfond til innleigd fagkompetanse og lokale i samband med same planarbeid.

Saka reiser spørsmål om kommunalt viltfond skal nyttast til finansiering av deltaking på eksterne fagseminar, og eventuelt i kva omfang.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Alternativ A medfører ei utgift på kr 9 700 frå det kommunale viltfondet. Midlane vert finansierte gjennom innbetalte fellingsavgifter og får ikkje konsekvensar for kommunen sitt ordinære driftsbudsjett.

Alternativ B medfører ingen utgift for det kommunale viltfondet.

Klima: Vedtaket har ingen direkte påverknad på klima.

Folkehelse: Vedtaket har ingen direkte påverknad på folkehelse.

Saksutgreiing:

Os Vest Hortevald har søkt om kr 19 700 frå kommunalt viltfond til deltaking på Hjorteviltseminaret 2026. Søknaden omfattar deltakaravgift for to deltakarar, samt reise- og opphaldsutgifter.

For Hjorteviltseminaret 2026 var det mogleg å velje mellom ulike deltakarpakkar. Deltaking på det faglege programmet over to dagar kosta kr 3 200 per person. Deltakaravgift inkludert middag kosta kr 3 700 per person, medan deltakaravgift inkludert middag og overnatting kosta kr 4 850 per person.

Søkjar har lagt til grunn deltakarpakka som omfattar både middag og overnatting.

Det går fram av søknaden at deltakinga skal bidra til kompetanseheving i samband med arbeidet med utarbeiding av ny bestandsplan.

Os Vest Hortevald er eit stort vald med eit omfattande geografisk forvaltningsområde. Valdet forvaltar betydelege hjorteviltressursar, og arbeidet med bestandsplan krev samarbeid mellom fleire grunneigarar og jaktrettshavarar.

Valdet har tidlegare fått innvilga tilskot frå kommunalt viltfond til innleigd fagkompetanse og til lokale for felles samlingar knytt til arbeidet med ny bestandsplan.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort legg føringar for kva kommunalt viltfond kan nyttast til.

§ 5 slår mellom anna fast at fondet kan nyttast til:

«Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersoner eller kommunen selv.»

I Hjorteviltstrategi for Bjørnafjorden kommune går det fram at vald og bestandsplanområde kan søkje om tilskot til kompetansebyggjande tiltak.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at deltaking på Hjorteviltseminaret i utgangspunktet kan reknast som eit kompetansebyggjande tiltak etter forskrifta og kommunen sine eigne retningslinjer for bruk av viltfondsmidlar.

Seminaret er ein etablert fagarena for hjorteviltforvaltning og omfattar tema knytt til mellom anna bestandsovervaking, regelverk, forskning og praktisk forvaltning. Kunnskapen som vert formidla er relevant for arbeidet med utarbeiding av bestandsplanar og lokal hjorteviltforvaltning.

Kommunedirektøren legg særleg vekt på at søknaden er knytt til eit pågåande arbeid med ny bestandsplan. Dette skil søknaden frå ordinær fagleg oppdatering og talar for at deltakinga kan vurderast som ein del av det samla planarbeidet.

Sidan Os Vest Hjortevald omfattar eit stort geografisk område, vurderer kommunedirektøren det som rimeleg at eit eventuelt tilskot kan omfatte deltaking for to personar. Dette vil kunne bidra til betre kunnskapsoverføring og forankring av arbeidet med bestandsplanen i valdet.

Samtidig må kommunen vurdere kva praksis som skal leggjast til grunn for framtidige søknader. Bjørnafjorden kommune har 21 godkjende hjortevald. Av desse har 17 vald godkjende bestandsplanar. Dersom kommunalt viltfond skal nyttast til å finansiere deltaking på eksterne seminar og konferansar i samband med bestandsplanarbeid, kan dette føre til fleire tilsvarande søknader frå andre vald. Vurderinga i denne saka kan difor få betydning for framtidig praksis og disponering av midlar frå det kommunale viltfondet.

Kommunedirektøren vurderer at deltaking på Hjorteviltseminaret vil medføre kostnader til både deltakaravgift, overnatting og transport. For deltakarar frå Vestlandet vil overnatting vere ein naturleg del av deltakinga på eit dagars arrangement i Lillestrøm. Spørsmålet i denne saka er derfor ikkje om desse kostnadene er nødvendige, men i kva grad dei bør finansierast gjennom kommunalt viltfond.

Kommunedirektøren legg også vekt på at det årleg vert arrangert fleire faglege møteplassar innan hjorteviltforvaltning. Mellom anna arrangerer Norsk Hjortesenter årleg Hjorteviltkonferansen på Vestlandet, som i stor grad er retta mot hjorteforvaltning og problemstillingar som er særleg relevante for vestlandskommunane. Dette illustrerer at kommunen i framtida kan få søknader om støtte til deltaking på ulike fagseminar og konferansar.

Dersom utvalet ønskjer å støtte søknaden, vurderer kommunedirektøren at tilskotet bør avgrensast til det faglege programmet. Dette tilsvarer kr 3 200 per deltakar og totalt kr 6 400 for to deltakarar. Ei slik avgrensing sikrar at viltfondet støttar kompetansebygging knytt til

arbeidet med ny bestandsplan, utan å etablere ein praksis med finansiering av utgifter til middag, overnatting og reise.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at deltaking på Hjorteviltseminaret 2026 kan vere eit relevant kompetansebyggjande tiltak i arbeidet med utarbeiding av ny bestandsplan for Os Vest Hjortevald.

Samstundes reiser saka prinsipielle spørsmål om bruk av kommunalt viltfond til deltaking på eksterne seminar og konferansar. Bjørnafjorden kommune har 21 godkjende hjortevald, der 17 av valda har godkjende bestandsplanar. Vurderinga i denne saka kan difor få betydning for framtidig praksis ved tildeling av midlar frå kommunalt viltfond.

Kommunedirektøren vurderer at det faglege programmet på seminaret fell inn under føremålet med viltfondet og dei kommunale retningslinjene for kompetansebyggjande tiltak. Dersom utvalet ønskjer å innvilge søknaden, meiner kommunedirektøren at tilskotet bør avgrensast til deltakaravgifta for det faglege programmet, tilsvarende kr 6 400 for to deltakarar. På denne måten vert kompetanseheving knytt til bestandsplanarbeidet støtta, samstundes som kommunen unngår å etablere ein generell praksis med finansiering av reise, opphald og konferansedeltaking frå kommunalt viltfond.

Saka vert lagt fram for politisk vurdering.